


Tveterås Inger Elisabeth

Fra: _Postmottak OED
Sendt: 28. januar 2009 12:34
Til: Tveterås Inger Elisabeth
Emne: VS: Utleige av kraftverk.doc



Fra: Osvald Medhus [mailto:omedhus@online.no]
Sendt: 28. januar 2009 11:10
Til: _Postmottak OED
Emne: Utleige av kraftverk.doc

Utkast til endringer av industrikonsesjonsloven, vassdragsreguleringsloven og energiloven.

Høyringsuttale frå Osvald Medhus til "Framlegg om utleige av vasskraftproduksjon"

Utleige av kraftverk

I eit høyringsnotat foreslår Olje- og energidepartementet ymse endringer i konsesjonslovene. Det skal bli høve til utleige av kraftverk. Ordninga skal vere open og ikkje-diskriminerande. Vi vil få ein ny marknad for utleige og drift av kraftstasjonar, fråskilt sjølv eigarskapet til vasskrafta. Private innanlandske og utanlandske selskap skal stillast likt med offentlege norske selskap. Departementet foreslår utleige av vassfall og kraftverk for ein periode på inntil 15 år, og opning for nye 15 års periodar, men då etter ny open konkurranse.

Leigetakar disponerer krafta fullt ut. Er t.d. leigetakar eit tysk selskap, må ein vente at krafta blir brukt i Tyskland.

Kva er så grunngjevingane for å legge til rette for utleige av kraftverka?

Departementet meiner at *"Økt mangfold av aktører i bransjen er positivt for kompetanse og innovasjon. Utleie kan legge til rette for industriell samordning og bedre drift av kraftverkene."* (Uff – ein tom ordflaum som departementet burde spart oss for!)

Derimot peikar departementet på noko som kan vere reelt nok: *"Kommuner og fylkeskommuner vil kunne utforme utleiekontrakter for å gi forutsigbarhet på inntektssiden og beskytte seg mot unødig risiko. For eksempel kan en kommune sikre seg et fast overskudd fra et kraftverk."*

Dette gjer synleg korleis den sjølvлага kraftmarknaden vår verkar, med ein straumpris som flyg opp og ned som ein jojo - endå produksjonskostnadene er stabile. Å rette på dette med ei utleigeordning som foreslått er berre eit symptom på at vi har forlatt ei samfunnsstyrd kraftforsyning her i landet.

At denne utleigemodellen ikkje har noka avgrensing, verken i mengde eller tid, er svært alvorleg. Utanlandske selskap, som gjerne må betale kolkraftpris på elektrisk straum, vil kunne by bra for vår norske vasskraft. Då det i realiteten her er fritt fram, kan utleige slik departementet foreslår føre til at vår kraftforsyning kjem i klemme. Hushald og verksemdar får svi. Kraftforsyninga har politikarane her i landet overlate til ein fiktiv kraftmarknad. Ei aktuell sak i komande valkamp burde derfor vere: Igjen samfunnsstyring av kraftsektoren!

§ 1 i den reviderte Industrikonsesjonsloven lyder: *"Landets vannkraftressurser tilhører og skal forvaltes til beste for almenheten. Dette skal sikres gjennom offentlig eierskap på statlig, fylkeskommunalt og kommunalt nivå."*

Ein er nøydd til å reise spørsmålet: Samsvarer forslaget til utleige av kraftverk med dagens Industrikonsesjonslov? Svaret er enkelt: NEI

Osvald Medhus

Jeg bruker gratisversjonen av SPAMfighter.
Den har inntil videre fjernet 51 spamposter.
Privatbrukere får SPAMfighter gratis!
Prøv gratis SPAMfighter PRO [her](#).